


**Revisjonsdokument for konsesjonane i Suvdøla i
Drangedal og Nissedal kommunar**



Drangedal E-verk KF

Innhold

1	Konsesjonar i Suvdølavassdraget	3
2	Omfang og verkeområde for dei konsesjonane som skal reviderast.....	4
3	Reguleringsanlegg, magasin, berørte elvestrekningar og kraftanlegg.....	7
3.1	<i>Reguleringsanlegg og magasin.....</i>	7
3.2	<i>Påverka elvestrekningar</i>	9
3.3	<i>Kraftanlegg</i>	10
4	Hydrologiske grunnlagsdata, vasstand og restvassføring	11
4.1	<i>Målestasjonar</i>	11
4.2	<i>Uregulert vassføring</i>	11
4.3	<i>Regulert vassføring</i>	12
4.4	<i>Alminnelig lavvannføring og Q95</i>	13
5	Manøvreringsreglement og manøvreringspraksis	15
6	Kraftverk og produksjon.....	18
6.1	<i>Årleg kraftproduksjon</i>	18
6.2	<i>Variasjonar i tilsig</i>	18
7	Utgreiingar, skjønn og avbøtande tiltak	20
7.1	<i>Oversikt over utgreiingar og rapportar.....</i>	20
7.2	<i>Avbøtande tiltak, avtalar og skjønn.....</i>	21
7.3	<i>Utsettingspålegg for fisk.....</i>	22
8	Erfarte skadar og ulemper på grunn av reguleringa.....	23
9	Status i høve til vassforskrifta og Kragerøvassdraget vassområde.....	24
9.1	<i>Vassforvaltningsplan for Vest-Viken vassregion</i>	24
9.2	<i>Økologisk tilstand og potensial.....</i>	25
10	Vurdering av eksisterande vilkår og innkomne krav	26
10.1	<i>Oppsummering av innspel og krav.....</i>	26
10.2	<i>Kommentar frå Drangedal E-verk til dei enkelte krava i tabell 7</i>	28
10.3	<i>Innføring av standardvilkår.....</i>	28
11	Forslag frå Drangedal E-verk til endring i vilkår, avbøtande tiltak og vilkår for opprusting/utviding	31
11.1	<i>Økonomiske kostnader ved minstevassføring.....</i>	31
11.2	<i>Potensial for ny produksjon.....</i>	31
12	Vidare saksgang	33
13	Vedlegg	34
13.1	<i>Konsesjonstekstar</i>	34

1 Konesesjonar i Suvdølavassdraget

- Krp.reg.res. 18.1.1957. Regulering av Kleppsvatn, Nystølvatn, Kyrevatn mfl.
- Kgl.res. 18.8.1961. Regulering av Måvatn, Kresbutjenn og Oretjenn, samt overføring av Heibekken.
- Kgl.res. 1.2.1963. Regulering og overføring av Holmevatn og Lianelva.
- Industridepartementet brev 18.4.1966. Planendring.

NVE har opna revisjon av konsesjonsvilkår for konsesjonane i Suvdøla og bedt konsesjonæren Drangedal E-verk om å utarbeide revisjonsdokument. Revisjonsdokumentet skal godkjennast av NVE, som deretter vil legge det ut til offentleg høyring. Drangedal E-verk har engasjert Faun Naturforvaltning i Fyresdal til å lage dokumentet. Fristen for å levere dokumentet var sett til 1. november 2013, men er seinare utsett til 1.februar 2017.

Konesesjonane i Suvdøla har fått prioritet 2.1 i ein nasjonal gjennomgang¹ av 430 vassdragskonesesjonar der revisjon kan vera aktuelt innan 2022. Konesesjonane er vurdert etter verdi for emna fisk/fiske, anna naturmangfald og landskap/friluftsliv , saman med påverknad av vassdragsregulering. Suvdøla har fått låg verdi for fisk/fiske og naturmangfald elles og middels verdi for landskap/friluftsliv. Vassdraget har derfor ikkje høgaste prioritet for revisjonsbehandling.

Søknad om konsesjon for Nye Suvdøla kraftverk er nå til behandling i NVE. Under høyringsrunden har Fylkesmannen i Telemark bedt om at tiltaket blir vurdert i samanheng med denne revisjonssaka².

¹ NVE 2013. Vannkraftkonesesjoner som kan revideres innen 2022. Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering. NVE rapport 49/2013. http://webby.nve.no/publikasjoner/rapport/2013/rapport2013_49.pdf

² Nye Suvdøla kraftverk, søknad med vedlegg fråsegn 20. Frå Fylkesmannen i Telemark. <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201601590/1797936>.

2 Omfang og verkeområde for dei konsesjonane som skal reviderast

Konsesjon for regulering av Kleppsvatn, Nystølvatn og Kyrevatn med fleire blei gitt ved Kronprinsregentens resolusjon 18.1.1957 og omfatta i tillegg til dei nemnde vatna også Steinsbutjenna, Homtjenn, Drangane, Bulitjenna, Skålstjenn og Frovatn. Ved Kgl. res. 18.8.1961 blei det så gitt løyve til regulering av Måvatn, Kresbutjenna og begge Oretjennane, samt overføring av Heibekken som blei overført til Steinsbutjenna og Kleppsvatn. Ca 6 km² av Heibekkens nedbørfelt er på denne måten overført til Suvdøla.


Ved Kgl. res. 1.2.1963 blei det gitt løyve til å regulere Breilivatn og Holmvatn. Med ein dam i utløpet av Holmvatn er vatnet demt opp i nivå med Breilivatn. Det er samtidig grave ein kanal mellom vatna slik at dei to vatna utgjør eitt magasin med utløp i Buvasselva. 7,1 km² av nedbørfeltet til Lindalselva er på den måten overført til Suvdøla. Lindalselva er ei av sideelvane til Graveelva, som renn ut i Bøelva ca 1 km sør for Suvdøla. I tillegg er vassføringa i nedre del av Lianelva sterkt redusert ved at det er etablert eit inntak på kote 525 som overfører Buvasselva til Fikjestultjenna.



Figur 1. Til venstre det tidlegare utløpet til Holmvatn, som er sperra med 3 mindre betongdammar. Eventuelt overvatn blir slept gjennom Stokkosen, slik at tilsiget til Holmvasselva er sterkt redusert. Til høgre kanalen mellom Holmvatn og Breilivatn. Foto Helge Kiland 24.7.2013.

Det er i 2004 etablert eit Suvdal kraftverk ved Fikjestøltjenna som nyttar fallet frå Kleppsvatn og frå Buvasselva. Kraftverket er etablert som eit småkraftverk med fritak frå konsesjon. Utbygginga er regulert av Plan og bygningslova. Ei planendring vedtatt av Industridepartementet 18.4.1966 har redusert utbyggingsomfanget av dei tidlegare konsesjonane. Reguleringa av Nystølvatn, Kyrevatn, Homtjenn, Drangane, Bulitjenna, Skålstjenn og Frovatn fall vekk. Reguleringa av Kleppsvatn blei redusert frå 16 til 12,5 m, Kresbutjenna blei permanent oppdemt 5 m og Oretjennane bare overført til Måvatn og ikkje regulert. Også i Holmevatn og Breilivatn blei reguleringa redusert.

Fikjestøldemma kan senkast 10 m og har plass til ca 0,3 mill m³ vatn. Det er inntaksmagasin for Suvdøla kraftstasjon og vasstanden kan variere ein del over stutt tid.



Figur 2. Nedbørfelt, magasin, dammar, overføringer og kraftstasjoner i Suvdøla



Figur 1. Til venstre Suvdøla kraftstasjon og til høyre Fikjestøldammen. Foto Helge Kiland.


3 Reguleringsanlegg, magasin, berørte elvestrekninger og kraftanlegg

3.1 Reguleringsanlegg og magasin

Vatnet frå Måvatn blir overført til Kleppsvatn via Steinbutjenna. Frå Kleppsvatn er vatnet frå 2004 ført i rør via Kvernhusdalen til Suvdal kraftstasjon. Vatnet frå Holmvatn og Breilivvatn blir ført til Buvasselva, der vatnet på kote 525 også blir overført til Suvdal kraftstasjon og Fikjestøldemma. For magasinerna er det gitt reguleringshøgder som ved nøyaktigare oppmåling kan vise seg å vera noko annleis enn i konsesjonen.

Tabell 1. Regulerte vatn i Suvdøla


Magasin	Volum	HRV	LRV	Merknad
Kleppsvatn	11 mill m ³	538 moh	525,5 moh	
Steinsbutjenna		558,5 moh	556,0 moh	Periodevis auka gjennomstrøyming. Reguleringa er ikkje nytta sidan vinteren 1995/96 og dammen er nå riven
Måvatn	3,5 mill m ³	664 moh	658,5 moh	Magasinering av vatn frå snøsmelting til ca 1.11. Tapping fram til snøsmelting
Holmvatn og Breilivvatn	10 mill m ³	673,5 moh 673,5 moh	670,5 moh 670,5 moh	
Buvatn		635,5 moh	633,0 moh	Periodevis auka gjennomstrøyming, men blir ikkje regulert
Fikjestøldemma	0,3 mill m ³	432 moh	422 moh	Inntaks og utjammingsmagasin



Figur 4. Til venstre Holmvatn sett mot Skornetten, ved vasstand 673,0 moh. Til høgre Kleppsvatn, vasstand ca 1 m under HRV. Foto Helge Kiland 24.7.2013.



Figur 5. Djubdekart for Kleppsvatn. Kartet er med 1 m koter ut til kote 523, som i praksis omfattar heile reguleringssona i vatnet. Den fargelagte delen av kartet er ut til kote 533. Frå Drangedal E-verk.




3.2 Påverka elvestrekningar

Etter oppdemming av Holmvatn er vassføringa i Holmvasselva sterkt redusert. Det har også redusert nedbørfeltet til Lindalselva med 7 km² eller 20 %. Ved at utløpet av Holmvatn er snudd mot Buvasselva vil vassføringa i øvre del av Buvasselva variere med kjøringa av Suvdal kraftverk. I periodar kan vassføringa vera høgare enn før regulering. Buvasselva nedanfor inntaket til Suvdal er kalla Lianelva og har sterkt redusert vassføring. Inntaket til Suvdal kraftstasjon er plassert på same staden som den tidlegare overføringa til Fikjestøldemma og Suvdøla kraftstasjon.

Tabell 2. Regulerde elvestrekningar

Elvestrekning	Lengde	Krav om minstevassføring	Merknad
Buvasselva	5,74 km	Nei	Vassføringa i øvre del er påverka av korleis Suvdal kraftverk produserer.
Lianelva	1,24 km	Nei	Namnet på nedre del av Buvasselva, skilt ut som eigen vassførekomst i Vann-Nett
Holmvasselva	2,83 km	Nei	Utløpet frå Holmvatn er snudd mot Breilivatn og Buvasselva
Suvdøla nedstraums Fikjestøl	3,18 km	Nei	Overført til Suvdøla kraftstasjon
Lindalselva	4,77 km	Nei	Redusert vassføring ved at 20 % av nedbørfeltet er overført til Buvasselva
Kleppevasselva	2,61 km	Innført ved godkjenning av reguleringsplan for Suvdal kraftverk i 2004, 10 l/s 15.3. – 1.6. og 1.9. – 15.11. 20 l/s 1.6. – 1.9.	Vassføringa i Kleppevasselva varierte tidlegare med produksjonen i Suvdøla kraftstasjon, men er etter 2004 redusert til bestemt minstevassføring.
Heibekken	2,80 km	Nei	Overført til Steinbutjenna og Suvdal kraftverk



Figur 6. Til venstre Buvasselva med inntaket for overføring til Suvdal kraftstasjon, og til høgre Buvasselva ca 1 km nedanfor. Foto Helge Kiland 24.7.2013 (under ein tørkeperiode).

3.3 Kraftanlegg

Det er to kraftstasjonar i Suvdølavassdraget; Suvdøla kraftstasjon og Suvdal kraftstasjon. Suvdøla kraftstasjon blei sett i gang i 1960 og har ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 29 GWh. Suvdal kraftstasjon sto ferdig i 2004 og kan produsere nærare 10 GWh i året.

Tabell 3. Kraftstasjonar i Suvdølavassdraget

Kraftverk	Sett i drift	Midlare årsprod (GWh)	Effekt (MW)	Turbin	Fall	Slukeevne m ³ /s
Suvdøla	1960	29	4,6	1 francis	250	0,3 – 2,2
Suvdal	2004	10	2,6	2 francis	90-100	0,3 – 3,0



Figur 7. Biletet oppe til venstre viser sperredam i betong i sørenden av Holmevatn, biletet oppe til høgre viser Holmvasselva like nedanfor dammen og dei to bileta under viser elva etter at ho får tilsig frå andre nedbørfelt og skifter namn til Lindasselva. Foto Jan Gunnar Thors 19.9.2013, etter ca 100 mm nedbør den siste veka.

Suvdøla kraftstasjon er planlagt nedlagt og erstatta med ein ny kraftstasjon; Nye Suvdøla kraftstasjon nede ved fylkesvegen. Konesjonssøknaden er for tida (november 2016) til behandling i NVE.

4 Hydrologiske grunnlagsdata, vasstand og restvassføring

4.1 Målestasjoner

NVE har ingen målestasjoner for vassføring i Suvdølavassdraget.

4.2 Uregulert vassføring

Uregulert vassføring er skalert frå nedbørfelt Kilen, stasjonsnummer 16.194 Den spesifikke avrenninga er i følgje NVE-Atlas 40,7 l/s/km², men er av Norconsult³ rekna til 32,2 l/s/km² basert på tilsiget til Suvdøla kraftverk for perioden 1982 – 2015. Det naturlege nedbørfeltet er 53,54 km² stort, medan det regulerte feltet etter overføring av Holmvatn og Heibekken med vidare er 66,36 km². Nedbørfeltet ovanfor inntaket til Suvdøla kraftstasjon er 56,2 km² inkludert det regulerte feltet etter overføring av Holmvatn og Heibekken.


Tabell 4. Restvassføring basert på nedbørfelt og spesifikk avrenning.

Elv	Areal nedbørfelt km ²	Spesifikk avrenning, l/s/km ²	Midlare restvassføring l/s	Alminneleg Lågvassføring l/s	Merknad
Holmvasselva	2,59	32,2	83	4	Før Lindalselva
Buvasselva	5,6	32,2	180	8	Ovanfor Nybru
Kleppevasselva	2,7	32,2	87	4	Før utløp Suvdal kraftverk
Brosdalsbekken	5	32,2	161	7	Ved fylkesvegen
Heibekken	1,8	32,2	58	3	Ved fylkesvegen
Suvdøla	11,5	32,2	370,3	17	Ved fylkesvegen

Tabell 5. Delnedbørfelt, frå Vann-nett jamfør figur 8.

Felt	Areal, km ²	Felt	Areal, km ²
Måvatn	3,24	Kleppsvatn	10,93
Heibekken	1,11	Fikjestøl	8,9
Røystjenn	1,36	Suvdøla	7,17
Steinbutjenn	9,65	Holmevatn	13,8

³ Rinde T. 2016. Hydrologisk rapport for Nye Suvdøla kraftverk. Norconsult.




Figur 2. Delnedbørfelt, reguleringsmagasin, kraftstasjonar og regulerte elvar. Kommunegrensa mellom Drangedal, Nissedal og Kviteseid er vist med grønt. Frå Vann-nett⁴. Målestokk 1:60 000.

4.3 Regulert vassføring

Nye Suvdøla kraftstasjon vil nytte det same inntaket som Suvdøla kraftstasjon nyttar i dag. Sidan slukeevna er større vil flaumtapet bli mindre. Det vil føre til noko redusert vassføring i restfeltet under snøsmeltinga. Elles vil vassføringa bli om lag som i dag (figur 9). I den hydrologiske rapporten som er lagt ved konsesjonssøknaden er den uregulerte middelvassføringa rekna til 2,04 m³/s, med 1,8 m³/s frå gamle Suvdøla kraftverk og 0,24 m³/s frå restfeltet. Dette gjeld eit middels år. Årsmiddeltilsiget varierer elles frå 1,3 m³/s i tørre år til 3,13 m³/s i våte år.

⁴ <http://vann-nett.no/saksbehandler/>



Figur 9. Plott som viser midlere sesongvariasjon i vassføring gjennom året før og etter utbygging av Nye Suvdøla kraftverk, ved innløpet til ny utbyggingsstrekning.

4.4 Alminneleg lågvassføring og Q95

Frå varighetskurvene har ein 5-persentilen (Q95), som er den verdien som blir overskriden i 95 % av observasjonsperioden. Alminneleg lågvassføring og Q95 for sommar- og vintersesong er utrekna (tabell 4). Tala for dei lågaste vassføringane og alminneleg lågvassføring er noko usikre og derfor er lågvassparameterane nytta direkte slik dei er rekna ut i frå vassføringsserien for Kilen og skalert for forholdet mellom middelvassføringane i Kilen og Suvdølafeltet. Dette er henta frå Hydrologisk rapport for Nye Suvdøla kraftverk utført i 2016 av Norconsult v/T. Rinde.

Tabell 6. Feltparameterar for kraftverket samanlikna med andre nedbørfelt.

Felt	Måleperiode	Nedbørfelt km ²	Snaufjell %	Effektiv sjøandel %	Q _N (6190) l/s/km ²	Høgde over havet, m
19.104 Songedalsåi	1981 - dd	65,5	12,3	1,2	27,4	585 - 1175
19.73 Kilå bru	1968 - dd	64,4	61,5	2,4	28,5	273 - 924
19.78 Grytåi	1977 - dd	19,3	42,3	5,6	24,3	625 - 1007
16.194 Kilen	1982 - 2015	118,5	9,3	0,85	15,5	120 - 1070
Suvdøla		56,2	5	2,3	40,7 ⁵	423 - 823

Kilen er næraste samanliknbare uregulerte vassdrag av tilsvarande type og storleik som Suvdøla. Det hydrologiske regimet er ganske likt, med flaumar vår og haust og lågvatn sommar og vinter. Suvdølafeltet ligg ca 200 m høgare og nedbørfeltet er noko under halvparten så stort, men vassføringa frå Suvdøla er større enn frå Kilen. Tilsiget er rekna ut i frå data for

⁵ Normaltilsiget henta frå NVE-Atlas. Tilsig ut frå produksjonstal i Suvdøla kraftverk er rekna til 32,4 l/s/km²


vassforbruk og flaumtap i produksjonsstatistikken for Suvdøla kraftverk 1997 – 2015 og forlenga tilbake til 1982. Det gjev eit tilsig på 32,4 l/s/km², mot 40,7 frå NVE-Atlas.

Tabell 7. Alminneleg lågvassføring og Q95 for sommar og vintersesongen.

Årrekke 1982-2015	Nedslagsfelt (km ²)	Alminnelig lavvannføring (l/s)	5-persentil* (l/s) sommer (1/5-30/9)	5-persentil* (l/s) vinter (1/10-30/4)
Holmvasselva, ved opprinnelig utløp av Holmvatn før regulering.	7,0	10,1	5,4	17,1
Holmvasselva, ved innløpet til Lindalselva før regulering av Holmvatn.	9,6	13,8	7,3	23,4
Holmvasselva, ved innløpet til Lindalselva etter regulering av Holmvatn som er ført over til Breilivatn.	2,6	3,7	2,0	6,3
Buvasselva, ved utløp av Breilivatn før Holmvatn ble ført over.	6,8	9,8	5,2	16,6
Buvasselva, ved Synken (der Buvasselva overføres i tunell til Fikjestøl/Suvdal Kraftstasjon) før Holmvatn ble ført over.	13,9	20,0	10,6	33,9
Buvasselva, ved utløp av Breilivatn etter at Holmvatn ble ført over.	13,8	19,9	10,6	33,6
Buvasselva, ved Synken (der Buvasselva overføres i tunell til Fikjestøl/Suvdal Kraftstasjon) etter at Holmvatn ble ført over.	20,9	30,1	16,0	50,9
Kleppeelva, ved utløp av Kleppsvatn før Måvatn ble overført.	20,6	29,7	15,7	50,2
Kleppeelva, ved utløp til Fikjestøl/Suvdal Kraftverk før Måvatn ble overført.	23,3	33,6	17,8	56,8
Kleppeelva, ved utløp av Kleppsvatn etter at Måvatn ble overført.	26,3	37,9	20,1	64,1
Kleppeelva, ved utløp til Fikjestøl/Suvdal Kraftverk etter at Måvatn ble overført.	29,0	41,8	22,2	70,7
Brosdalsbekken, ved utløp av Røystjenn før overføring til Steinbutjenn/Kleppsvatn	1,4	2,0	1,0	3,3
Brosdalsbekken, ved fylkesvei 38 før overføring til Steinbutjenn/Kleppsvatn.	6,4	9,2	4,9	15,5
Brosdalsbekken, ved fylkesvei 38 etter overføring til Steinbutjenn/Kleppsvatn.	5,0	7,2	3,8	12,2
Heibekken, ved utløp av Måvatn før overføring til Steinbutjenn/Kleppsvatn.	3,2	4,7	2,5	7,9
Heibekken, ved fylkesvei 38 før overføring til Steinbutjenn/Kleppsvatn	6,2	8,9	4,7	15,0
Heibekken, ved fylkesvei 38 etter overføring til Steinbutjenn/Kleppsvatn.	1,8	2,6	1,4	4,4
Suvdøla, ved inntak Fikjestøl (inkl. tilførte felt fra Holmvantn og Måvatn)	56,2	81,0	43,0	137,0
Suvdøla, ved Suvdøla Kraftverk (inkl. tilførte felt fra Holmvantn og Måvatn)	61,1	88,0	50,0	160,0
Suvdøla, ved Fylkesvei 38/planlagte Nye Suvdøla Kraftverk (inkl. alle til regulerte nedslagsfelt (Holmvantn og regulering Måvatn)	67,7	97,6	51,8	165,0
Suvdøla, ved inntak Fikjestøl (uten tilførte felt fra Holmvatn og Måvatn)	43,5	62,7	33,3	106,0
* Den vannføringen som underskrides 5 % av tiden.				
Tallene i tabellen over refererer til uregulert tilsig på aktuelle definert pkt. Lavvannparameterne er beregnet direkte i fra vannføringsserien for Kilen og skalert for forholdet mellom middelvannføringene i Kilen og Suvdølafeltet. Dette er videre skalert ned i hver enkelt bekk/elv. Det vil så klart være knyttet usikkerhet til disse tallen men vi mener at disse er bedre å benytte en NVE Atlas.				

5 Manøvreringsreglement og manøvreringspraksis


Suvdøla kraftverk har normalt stått 30 – 50 dagar om sommaren (mai – august). Da har også Suvdal kraftverk stått og tilsiget har vore brukt til å fylle opp reguleringsmagasina. Før 2004 gjekk alt vatnet frå Kleppsvatn i Kleppebekken. Frå 1962 har vassføringa i Kleppebekken på årsbasis vore noko høgare enn før, fordi ca. 6 km² av nedbørfeltet til Heiåna blei overført til Steinsbutjenna og Kleppsvatn. Om sommaren når Suvdøla kraftverk ikkje var i drift var Kleppsvatn stengt og vassføringa i Kleppebekken derfor minimal. Vanleg vassføring i perioden 1962 – 2004 har vore 0,8 m³/s på årsbasis, med ca. 1 m³/s om vinteren og nær 0 om sommaren. Etter etableringa av Suvdal kraftverk i 2004 er vassføringa i Kleppebekken på årsbasis betydeleg redusert. Men det er innført ei minstevassføring på 20 l/s i sommarhalvåret og 10 l/s om vinteren målt frå Kleppsvatn.



Figur 3. Kleppevasselva under ein tørkeperiode, til venstre rett ovanfor utsleppet frå Suvdal kraftstasjon og til høgre mellom Kleppe og Kleppsvatn. Foto Helge Kiland 24.7.2013.


Holmvatn/Breilivatn og Kleppsvatn er om lag like store reguleringsmagasin (målt i volum) og har skiftesvis blitt brukt til å forsyne Suvdøla kraftstasjon med vatn. Fikjestøldemma blir bruka som inntaksmagasin for Suvdøla, med ei korttidsregulering på ca 10 m. Det finst ingen tappingsrestriksjonar på reguleringsmagasina i Suvdølavassdraget.

Fyllingskurva for Kleppsvatn er basert på manuelle registreringar med avlesing på målestav i fyrste del av perioden, medan det frå 2010 har vore automatisk overvaking av vasstanden. Det gjeld også Holmvatn/Breilivatn. Figur 10 viser at Kleppsvatn dei fleste år er nær fylt opp frå midten av mai. 2005 synes å representere eit unntak i så måte. Det året var magasinet bare halvfullt store delar av sommaren. Ein ser at også 2010 og 2011 var år da magasinet blei fylt seinare opp enn vanleg




Figur 11. Fyllingskurver for Kleppsvatn 2003 - 2013.

For Breilivatn/Holmvatn er grunnlagsmaterialet meir sparsamt, bortsett frå dei siste åra. Også her viser kurvene at magasinet er på det lågaste fyrst i april, men at det blir fylt relativt raskt opp fram til juni. Vatna er grunne, og skilnader i fylling kan gje store utslag på vassdekt areal. Det er likevel sjeldan magasinet er tappa meir enn 2 m under HRV.



Figur 12. Fyllingskurver for Breilivatn – Holmvatn.

Fyllingskurvene for Måvatn er enkelte år noko "kaotiske". Truleg fordi det enkelte år er noko langt mellom registreringane.



Figur 4. Fyllingskurver for Måvatn


For å kunne nytte same kraftstasjon (Suvdal kraftstasjon) for vatnet frå Buvasselva og for vatnet frå Kleppsvatn er inntaket i Buvasselva lagt på same nivå som før. På grunn av at Holmevatn og dermed øvre del av nedbørfeltet til Lindalselva i 1966 blei overført til Suvdøla har tilsiget til Buvasselva auka med ca 260 l/s eller ca 25 %. Nedstrøms inntaket har Buvasselva/Lianelva hatt sterkt redusert vassføring frå midten av mai til oktober. Resten av året har elva hatt relativ jamn vassføring.



Figur 5. Måvassdammen og litt av kanalen frå Måvatn til Røystjenn. Foto Jan Gunnar Thors 18.9. 2013, etter mykje nedbør

6 Kraftverk og produksjon

6.1 Årleg kraftproduksjon



Figur 6. Elektrisitetsproduksjonen i Drangedal E-verk 2007 - 2009


Den årlege middelproduksjonen i Suvdølå og Suvdal kraftverk til saman brukar å ligge på ca 38 GWh. Kraftverka er i drift ca 8000 timar eller vel 90 % av året. Nye Suvdølå kraftverk vil auke produksjonen med 17 GWh.



Figur 16. Suvdal kraftstasjon og øvre del av Fikjestøldemma. Foto Helge Kiland 24.7.2013.

6.2 Variasjonar i tilsig

Den årlege tilrenninga til Kleppsvatn er i middel ca $0,8 \text{ m}^3/\text{s}$. Om sommaren er tilrenninga nær 0 og om vinteren nær $1 \text{ m}^3/\text{s}$.



Figur 17. Uregulert tilsig, sesongvariasjon gjennom året for nedbørfeltet til Nye Suvdøla kraftverk. Frå konsesjonssøknaden for Nye Suvdøla kraftverk, hydrologisk rapport, Norconsult 2016.

Den normale middelvassføringa er 2,04 m³/s (1,8 m³/s til Suvdøla kraftverk + 0,24 m³/s frå restfeltet mellom Suvdøla kraftstasjon og Nye Suvdøla kraftstasjon). Kraftstasjonen står normalt 30 – 50 dagar i mai/august. Ein 2 års flaum er ca 12 m³/s, ein 5 års flaum ca 15 m³/s og ein 20 års flaum ca 18,5 m³/s.

Tabell 8. Nokre hovuddata for Nye Suvdøla kraftverk. Frå konsesjonssøknaden, Drangedal kommune 2016.

Nedbørfelt	km ²	56,2
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	32,2
Middelvassføring	m ³ /s	1,80
Alminneleg lågvassføring⁶	m ³ /s	0,081
5-persentil⁷ sommar	m ³ /s	0,043
5-persentil vinter	m ³ /s	0,137
Tilsig frå restfelt nedanfor inntak	m ³ /s	0,38
Inntak	moh	432
Regulert elvestrekning⁸	m	4600/2400
Brutto fallhøgde	m	349
Maks slukeevne	m ³ /s	3,2
Planlagt minstevassføring	m ³ /s	0

⁶ Den lågaste vassføringa i gjennomsnitt i eit vassdrag rekna over eitt år.

⁷ Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

⁸ Den totale lengda frå Fikjestøldemma til Nye Suvdøla kraftverk og ny regulert elvestrekning frå eksisterande Suvdøla kraftverk.

7 Utgreiingar, skjønn og avbøtande tiltak

7.1 Oversikt over utgreiingar og rapportar

I samband med utbyggingssøknader for Suvdal og for Krokane kraftverk⁹ er det mellom anna laga rapportar på biologisk mangfald. Rapporten for Suvdal kraftverk inneheld også resultat frå ei undersøking av bruk og verdi for friluftslivet i Suvdølavassdraget og Graveelva, med nedbørfelt. Undersøkinga viste at Kleppsvatn blei mykje nytta som utgangspunkt for tur- og skiløyper. Området blei også nytta til sankthansfeiring¹⁰.

Det er utført fiskeundersøkingar i Kleppsvatn, Holmevatn og Breilivatn i 1978, 1984 og 1995.¹¹ Det blei i 1978 fanga 4 aurar og 1 tryte i Kleppsvatn. Auren skal ha vore sett ut. Dei andre vatna syntes vera fisketome. I 1981 blei det sett ut bekkerøye, som i 1984 var einaste fiskeart i fangstane frå alle vatn. I Måvatn, Kressbutjenna og Steinbutjenna blei det sett ut aure, sidan vasskvaliteten her var noko betre. Auren i Måvatn har sannsynlegvis overlevd den suraste perioden, og ein del av aurestamma her stammar truleg frå naturleg rekruttering. Tryta blei truleg borte på 1970-talet men kan ha overlevd i Steinbutjenna.

Drangedal E-verk gjorde i perioden 1995 – 2001 fleire pH-målingar som viser at vasskvaliteten før kalking ikkje var god nok for naturleg rekruttering av aure. Frå 1996 har dei fleste vatna vore kalka. Pålegg om utsetting av bekkerøye blei etter kvart erstatta med utsetting av aure. Det er pålegg om å sette ut aure i Holmevatn/Breilivatn og i Kleppsvatn. Dei siste fiskeundersøkingane i Holmevatn/Breilivatn og Måvatn blei gjort av Drangedal E-verk i 2000 og visa at alle vatn hadde god bestand, med årleg tilvekst over gjennomsnittet og god kvalitet¹². I Kressbutjenna var bestanden tynnare. Steinbutjenna og Kleppsvatn blei undersøkt av Per Øyvind Gustavsen i 2004. Auren var da av dårlegare kvalitet og tydeleg sterkt pressa av ein veksande trytebestand¹³.

I 2012 blei det på oppdrag frå grunneigarane og Drangedal E-verk sett i gang eit 5-årig pilotprosjekt med bestandskontroll og tynningsfiske etter tryte¹⁴. Med bruk av elfiskebåt blei tryte fanga med elektrisk straum og avliva. Prosjektet blei utført over 3 dagar/netter og det blei fanga 2356 tryter med ei gjennomsnittsvekt på 43,2 gram. Prosjektet blir vidareført i 2013 og fram til oktober er det fanga og avliva ca 1250 tryter. Det blir meldt om meir aure og noko høgare gjennomsnittsvekt og låg rekruttering hos tryta¹⁵. Det siste treng ikkje vera positivt, idet sterke årsklassar som regel er effektive til å beite på yngel og småfisk og såleis halde rekrutteringa nede.

⁹ Roer, O. 2012. Krokane kraftverk. Virkninger på biologisk mangfold. Faun rapport 030-2012.

¹⁰ Gangsei, L. E. og H. Kiland 2001. Miljøvurdering av vidare kraftutbygging i Suvdøla. Sørnorsk Økosenter, 41 s.

¹¹ Solhøi, H. 1994. Vassdragsreguleringer i Telemark – en oversikt over anlegg, konsesjoner, pålegg og fiskeundersøkelser. Fylkesmannen i Telemark, Miljøvernavdelingen, rapport 2/94, 77 s.

¹² Fiskerapport frå Drangedal E-verk 2000

¹³ Gustavsen, P. Ø. 2004. Rapport prøvefiske i Kleppsvatn og Steinbutjenna

¹⁴ Tormodsgard, L. 2013. Pilotprosjekt bestandskontroll/tynningsfiske etter abbor i Kleppsvatn i Drangedal kommune. Naturpartner, minirapport NP 2 - 2013

¹⁵ Naturpartner, udatert. Notat.



Figur 18. Informasjonstavle ved Stokkosen. Displayet over tavla viser vasstanden 673,0 Foto Helge Kiland 24.7.2013.

7.2 Avbøtande tiltak, avtalar og skjønn

- Avtale Drangedal kommunestyre 29.1.1955 om erverv av fallrettar, grunn og kompensasjon for tapt fløting i Suvdøla ned til Bjårvann. Fallrettane er kjøpt for eit eingongsbeløp samla til alle grunneigarane. Erstatning for grunn blir avgjort ved skjønn. E-verket tek på seg transport av tømmer. Skogeigarane refunderer til e-verket utgifter dei ville hatt ved fløting.
- Avtale med grunneigarane 10.10.1966 om kjøp av fallrettar i Holmvassåa (Lindalselva) og Lianelva.
- Avtale 7.6.1967 med grunneigarane i Nissedal (Kyrkjebygdheia). Ulemper skal fortrinnsvis løysast gjennom avbøtande tiltak. Gjeld mellom anna ferdselsvanskar for grunneigarane og ålmenta, båttrekk og eventuelle neddemte hyttetomter og hytter.
- Avtale 8.7.1961 om overføring av vatnet i Heibekk frå Kresbutjenna. Grunneigarane skal ha rett til vatn til vatningsanlegg med vidare.
- Avtale 10.8.1961 om overføring av vatn i Heibekken over Brosdal. For å sikre vassføring i Brosdalsbekken kan det i tørkeperiodar sleppast vatn frå Måvatn.
- Avtale 29.3.1961 om regulering av Steinbutjenn og Røystjenn. Drangedal e-verk skal bygge og vedlikehalde fløtingsdam i Steinbutjenna og reinske bekken frå Steinbutjenna til Kleppsvatn slik at han kan nyttast til fløting.
- Avtale 15.12.1962 om regulering av Måvatn og overføring av Oretjennane til Måvatn ved at den vestre tjønna blir senka ca 0,5 m og den austre oppdemt ca 0,5 m. Avbøtande tiltak vintervegar + anlegg av 3 båttrekk i Måvatn.

- Overskjønn 14.6.1960 om erstatning for skog, grunn mv. Avbøtande tiltak flytting av Fikjestøl.
- Skjønn 6.8.1959 med alminnelege skjønnsføresetnader og erstatning for grunn, skog, tapt fiske mv. Avbøtande tiltak flytting av hytte, gangstigar og klopper.
- Suvdølaskjønn 25.7.1967. Erstatning for skjemt utsjånad og hyttetomter gitt i form av eit eingongsbeløp til skogsbilveg fram til Kjempåsvatn. Felles båttrekk i Kleppsvatn, Kjempåsvatn/Stokksosen og Holmevatn.
- Kleppvassbekken (gjeld Suvdal kraftverk). I følgje avtala er Drangedal E-verk ansvarleg for alt vedlikehald av traktorveg/bru over Kleppevasselva sør for Svarthøl, for sikringstiltak på Kleppsvassdammen og for alt vedlikehald på vegen frå Kleppe til Kleppsvassdammen. Grunneigarane eig vegen og skal saman med hytteeigarar og livsarvingar ha fri bruk av vegen. E-verket kan elles krevje at andre brukarar er med på å betale for bruken av vegen (eks med bompengar). Drangedal E-verk har overført midlar til terskelbygging i Kleppevasselva og i løpet av 2013 er det bygd 4 tersklar, 1 av lausmassar og 3 av betong.
- Rettsleg skjønn 6.1.1994 for vegen frå Torsbulia til Kleppe. Det er etablert eit eige veglag med fordeling av vedlikehaldsutgifter der Drangedal E-verk skal dekke 70 %.

7.3 Utsettingspålegg for fisk

Utsettingspålegget har variert, men er generelt redusert dei siste åra. Fisken har vore merka ved at feittfinnen er klipt bort. Etter 1998 er det bare sett ut aure. Før den tid blei det også sett ut bekkerøye. Pålegget blir bestemt av Fylkesmannen og justert i samsvar med bestandssituasjonen i vatna.

Tabell 9. Oversikt over utsettingspålegg og praksis i Suvdøla

Lokalitet	Årleg pålegg	Merknad
Holmevatn	1000 merka sommargammal aure	
Breilivatn	1000 merka sommargammal aure	
Måvatn	800 merka sommargammal aure	Tilrådd avslutta i 2002
Steinbutjenna	100 merka sommargammal aure	Siste utsetting i 2002
Kleppsvatn	1000 merka sommargammal aure til og med 2004	Tilrådd avslutta f.o.m. 2005

8 Erfarte skadar og ulemper på grunn av reguleringa

Skadar og ulemper som følgje av reguleringa er i hovudsak avgrensa til reguleringsmagasina. Reguleringa av Holmevatn og Breilivatn er relativt beskjeden, bare 3 m. Men fordi vatna i utgangspunktet er grunne, blir det ved LRV ein del tørrlagte areal. Arealet ved fullt magasin i Kleppsvatn er ca 1,25 km² men betydeleg mindre ved lågaste vasstand (LRV). Om sommaren held ein normalt ein relativt høg vasstand i Kleppsvatn (mellom 2 og 4 m under HRV). Det kan likevel i periodar vera tungvint å få båtar ut på vatnet. I Kleppsvatn kan det ved låg vasstand vera vanskeleg å kome med båt inn i nordenden av vatnet. Meiniane om tørrlagde elvestrekningar er delte. Redusert vassføring kan gi gode vilkår for bading (Buvasselve).

Vassdragsregulering kan gjera skade for fisk ved at tilgangen til gyteområde blir redusert og ved at senking av vasstanden i sjølve innsjøane reduserer produksjonsarealet for større fisk. Den prosentvise reduksjonen i vassdekt areal ved nedtapping har vist seg som ein god indikator for skade på fiskebestandane¹⁶. Reguleringa av Kleppsvatn har gitt eit habitat som ikkje er fordelaktig for tryta. Det blir også stadfest gjennom det tynningsfiskeprosjektet som Drangedal E-verk finansierer. Resultata frå 2015 tyder på at utfiskinga har gitt betre vilkår for nye årsklassar av tryte og større variasjon i størrelse. Auren synes også å ha fått det betre på grunn av tynningsfisket. Kvaliteten skal vera akseptabel og det har også blitt eit visst innslag av større fisk Sidan tynningsfiskeprosjektet tok til i 2012 er det ikkje sett ut fisk i vatnet. Det synes likevel å vera rekruttering, anten ved gyting på innløpsbekkar under HRV og/eller ved at fisk slepper seg ned ovanfor¹⁷.

Kleppsvatn, Måvatn og Holmvatn/Breilivatn har frå 1996 vore kalka, etter at pH i Kleppsvatn midt på 1970-talet var heilt nede i 4,6 og i 1983 4,4.¹⁸ Den lange perioden utan fisk gav mindre interesse for vatna.



Figur 19. Frå Stokkosen. Dammen til venstre. Til høgre den vanlege utsettingsstaden for båt. Foto Helge Kiland, 24.7.2013, vasstand 673,0 moh.

¹⁶ Hesthagen, T., Helleland, I.P., Sandlund, O.T., Ugedal, O. 2012. Naturindeks for Norge – metodikk for fastsettelse av skader på allopatriske aurebestander grunnet vassdragsregulering og introduksjon av fremmede arter. NINA rapport 852.

¹⁷ Lars Tormodsgard, Naturpartner, mars 2016

¹⁸ Data frå Vannmiljø, <http://vannmiljo.klif.no/>

9 Status i høve til vassforskrifta og Kragerøvassdraget vassområde

9.1 Vassforvaltningsplan for Vest-Viken vassregion

Suvdøla høyrer til Kragerøvassdraget vassområde og Vest-Viken vassregion. Buskerud fylkeskommune er vassregionmyndighet. Neste forvaltningsplan for Vest-Viken vassregion gjeld for perioden 2016 – 2021 og skal vera basert på lokale tiltaksanalyser der utkast skal vera klart i løpet av 2013. Kragerøvassdraget er ikkje med i den fyrste forvaltningsplanen, som gjeld for perioden 2010 – 2015. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Kongen i statsråd og inneheld miljømål og tiltaksprogram for vassførekomstane.

Da den fyrste forvaltningsplanen for Vest-Viken vassområde blei godkjent i 2010 var det med krav om at miljømål i regulerte vassdrag skulle vera basert på eksisterande vilkår slik dei kjem fram i reguleringskonsesjonane. Endring av konsesjonsvilkåra måtte eventuelt skje gjennom ein vilkårsrevisjon etter vassdragsreguleringslova § 10¹⁹. Vedtaket blei påklaga til ESA, som er kontrollorganet for EFTA. Med bakgrunn i brev frå ESA har Miljøverndepartementet presisert at dette bare galdt for den fyrste friviljuge planperioden fram til 2015²⁰.

For komande planperiodar kan miljømåla for sterkt modifiserte (regulerte) vassførekomstar setjast uavhengig av dei eksisterande vilkåra som er gitt i konsesjonen og uavhengig av kva lov konsesjonane er gitt etter. Alle relevante konsesjonar kan etter dette vurderast på nytt kvart 6. år i samsvar med den syklusen vassdirektivet har innført.

Minstevassføring vil bli vurdert som eit tiltak i vassforvaltningsplanen, sjølv om vassførekomsten ikkje er blant dei prioriterte i den nasjonale prioriteringslista frå NVE²¹. Når det gjeld utnytting av reguleringshøgda i reguleringsmagasin har derimot NVE uttala at ein ikkje kan vente innføring av restriksjonar i manøvreringsreglement i ustrekt grad²².

Som grunnlag for arbeidet med forvaltningsplanen har det i løpet av 2012 vore laga områdevis oversikt over vesentlege vassforvaltningsspørsmål²³, som var på høyring fram til 31. desember 2012. Vassdragsregulering er nemnt som ein av dei viktigaste påverknadene på miljøtilstanden i vassområdet. Under høyringsrunden har det ikkje kome spesielle merknader som gjeld Suvdølavassdraget.

I framlegget til vassforvaltningsplan for Vest-Viken vassregion 2016 – 2021 er det gjort forslag om nye verkemiddel for å oppdatere vilkåra for eldre vasskraftkonsesjonar²⁴. NVE har kome med innvendingar til prioritering av regulerte vassdrag for tiltak som krev minstevassføring²⁵.

¹⁹ Statkraft 2013. Revisjonsdokument for Tokke-Vinje konsesjonen, på høyring fram til 29. juni 2013.

²⁰ Miljøverndepartementet 31.7.2013. Brev til EFTA Surveillance Authority om oppfølging av artikkel 4 og 11 i vassdirektivet.

²¹ NVE 2013. Vann kraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022. Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering. NVE rapport 49/2013. http://webby.nve.no/publikasjoner/rapport/2013/rapport2013_49.pdf

²² NVE's innspill til arbeidet med tiltaksanalyser i vannregionene, 17.9.2013.

²³ Kragerøvassdraget vannområde 2012. Vesentlige vannforvaltningsspørsmål, versjon 22.juni 2012, <http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=64149&amid=3593259>

²⁴ Regionalt tiltaksprogram for vannregion Vest-Viken 2016-2021.

²⁵ Brev frå NVE til Vest-Viken vassregion, datert 1.7.2016.

Usemja mellom NVE og vassregionen skal avgjerast ved den sentrale godkjenninga av planen. Pr november 2016 er planen ennå ikkje godkjent.

9.2 Økologisk tilstand og potensial

Kragerøvassdraget vassområde har 114 vassførekomstar som i Vann-Nett er registrert med vasstype, miljøtilstand og påverknad. Vassførekomstar påverka av vassdragsregulering skal vurderast som kandidatar til sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF). I slike vassførekomstar vil det på grunn av reguleringsinngrep ikkje vera realistisk å oppnå det generelle målet i Vassforskrifta om minst god økologisk tilstand. Miljømålet skal her i staden vera godt økologisk potensial, som er det beste ein kan oppnå med tiltak som er kostnadmessig akseptable og ikkje kjem i strid med føremålet med modifiseringa (reguleringa). Det er NVE som til slutt avgjer kva som skal vera SMVF.

Tabell 10. Oversikt over vassførekomstar i kategorien "risiko" for ikkje å nå målet om minst god økologisk tilstand, vesentleg pga vassdragsregulering. Frå NVE²⁶.

Navn	Type påverking	Påverkningsgrad	Økologisk tilstand	Utførte og planlagte tiltak	Miljømål
Holmvatnet	Reguleringsmagasin	Middels grad	Moderat	Utsetting av fisk	God økologisk tilstand
Breilivatnet	Reguleringsmagasin	Middels grad	Moderat	Utsetting av fisk	God økologisk tilstand
Kleppsvatn	Reguleringsmagasin	Stor grad	Dårleg	Utsetting av fisk Uttynning av tryte	Godt økologisk potensial
Steinbutjenn	Vassføringsregulering	Middels grad	Moderat	Ingen	God økologisk tilstand
Måvatnet	Reguleringsmagasin	Middels grad	Moderat	Utsetting av fisk	Godt økologisk potensial
Heibekken nedre	Overføring av vatn	Stor grad	Dårleg	Ingen	Godt økologisk potensial
Suvdøla oppstr.Fikjestøl	Utan minstevassføring	Stor grad	Moderat	Avtale med grunneigarane om bygging av tersklar	Godt økologisk potensial
Suvdøla nedstr. Fikjestøl	Utan minstevassføring	Stor grad	Dårlig	Ingen	Godt økologisk potensial
Suvdøla nedstr.Suvdøla Kr.stj.	Annen regulering	Stor grad	God	Ingen	God økologisk tilstand
Buvasselva	Overføring av vatn	Middels grad	Dårleg	Ingen	Godt økologisk potensial
Lianelva	Annen regulering	Middels grad	Moderat	Ingen	God økologisk tilstand
Holmvasselva	Overføring av vann	Stor grad	Moderat	Ingen	Godt økologisk potensial
Lindalselva	Utan minstevassføring	Stor grad	Moderat	Ingen	God økologisk tilstand
Fikjestøldemma	Vasskraftdam	Stor grad	Dårleg	Ingen	Godt økologisk potensial

²⁶ Til vurdering som kandidatar til sterkt regulerede vassførekomstar, innspel frå NVE ved Anne Johanne Kråkenes 25.3.2013

10 Vurdering av eksisterande vilkår og innkomne krav

10.1 Oppsummering av innspel og krav

NVE opna revisjonssak på grunnlag av krav frå hytteigarar rundt Kleppsvatn. Før saka blei opna i 2012 blei det etterlyst synspunkt og innspel til kravet. Etter at revisjonssaka blei opna er det arrangert 2 folkemøte; eit i Nissedal og eit i Tørdal. Begge møta var avertert i lokalavisene. Det blei også sett inn ei orientering i lokalavisene der folk blei invitert til å kome med synspunkt og innspel innan utgangen av juni. Det er også halde ei orientering om revisjonssaka for Drangedal kommunestyre.

Tabell 11. Samandrag av innkomne uttalar og synspunkt i revisjonssaka pr 10.10.2013

Avsendar	Krav	Grunngjeving
1 Jorunn Haugen og Helge Tunheim	Ikkje større nedtapping av Kleppsvatn enn til full gammal fløtningsdam	Svært vanskeleg å nytte Kleppsvatn som tilkomst med båt når vatnet er nedtappa. Estetisk skjemmande med lange gjørmestrender
2 Linda Haugen	Ønsker minimumsvasstand i Kleppsvatn om sommaren lik nivå med gammal fløtningsdam. Vil ha bytta ut eksisterande masse av stein ved båtplassar med mjukare masse	Vanskeleg å bruke båt på Kleppsvatn når det er nedtappa. Sprengstein er hardt med båtane
3 Breili Vel	Nedtapping av Breilivatn blir avgrensa til maks 1 m under HRV frå 1.5. – 15.10. Drangedal E-verk fullfører vegen frå Tørdal over Kyrkjebygdheia Betre vilkår for utsett og opptak av båt i Stokkosen og ved Holmevatn. Rist for å hindre rømming av fisk til Kjempåsvatnet	Store areal som blir tørrlagde ved Breilivatn ved nedtapping til 3 m under HRV.
4 Bjørn Reime	Plass for handikappa fiskarar Bidrag til løypelaget Elles som Breil Vel	Mange eldre og uføre på hyttene på Kyrkjebygdheia
5 Grendemøte Tørdal	Vedlikehald av vegar	Drangedal E-verk har eit vedlikehaldsansvar for vegar dei har bygd
6 Grendemøte Nissedal	Nedtapping av Holmevatn/Breilivatn for å grave ned drikkevassleidning Støyping av nedkjøring for bil med båthengar Tiltak for handikappa fiskarar Miljøfond/bidrag til løypelaget	Svikt i vassforsyninga til hyttene på Kyrkjebygdheia påska 2013. Lettare å sette ut kalkingsbåt
7 Tore Tenvik, Lene Aasen Jan og Ingebjørg Snekkestad, Gerd Lillian Olsen, Rolv Helge Olsen, Gerd og Ove Olsen, Lene og Roar Aasen, Sidsel Hødnebo, Sørensens (Breili nr 17), Audhild Torp	Støttar brevet frå Breili Vel og forslag frå Halvor Grimstveit om pengar til fond styrt av KVS	Viktig for utvikling av Kyrkjebygdheia som tur- og fiskeområde

8	Bjørn Sollid	Vil gjerne ha meir vatn i Buvasselva og i Suvdøla nedanfor Fikjestøl	Litt vatn vil gje meir liv i elvane
9	Gautefall turlag	Ønskjer minstevassføring i Buvasselva	
10	Jørgen Tveit	Ønskjer minstevassføring i Holmvasselva	
11	Kleppsvatn hytteforeining	Krav om opning av revisjonssak og høgare sommarvasstand i Kleppsvatn.	Skade på fisket og andre ulemper på grunn av reguleringa av Kleppsvatn.

Alle høyringsuttalar og referat frå grendemøte har vore lagt ut på heimesida til Faun Naturforvaltning og har vore tilgjengeleg der.

Minstevassføring

Minstevassføring er ført opp i forslag til tiltaksprogram for Kragerøvassdraget, som er med i grunnlaget for forvaltningsplanen for vassregion Vest-Viken. Det har også kome ønskje om minstevassføring frå eit par av grunneigarane.

Fyllingskrav

Krav om oppfylling av Kleppsvatn om sommaren var noko av bakgrunnen for at NVE i si tid opna revisjonssak. På Kyrkjebygdheia er det mange hytter, og fylling av Holmvatn/Breilivatn er derfor høgt prioritert. Dette har også Drangedal E-verk teke omsyn til ved å prøve å halde høg vasstand i magasinet gjennom sommaren.



Figur 20. Holmvatn, med nedkjøring for utsetting av båt. Foto Jan Gunnar Thors 19.9.2013

10.2 Kommentar frå Drangedal E-verk til dei enkelte krava i tabell 7

Tabell 12. Kommentar til krav

Krav	Kommentar
1 og 2 Kleppsvatn	E-verket vil gjennomføre tiltak for å sikre at båtar ikkje blir øydelagde på båtplassar ved dammen. Tilsig etter 15.5. skal prioriterast til å fylle opp magasinet til nivået med den gamle fløtingsdammen kote 532 fram til 15.9.
3 Breilivatn	Relativt lita regulering. Prøver å unngå større nedtapping om sommaren.
4, 5, 6 og 7 Kyrkjebygdheia vel	Ny nedkjøring for tilhengar med båt. Årleg tilskot til løypelaget på Kyrkjebygdheia, som ei friviljug ordning frå E-verket si side.
8, 9 og 10	Minstevassføring blir innført i Buvasselva 20 l/s frå 15.5. til 15.9.
8	I konsesjonssøknaden for Nye Suvdøla kraftverk ²⁷ er det ikkje rekna med noko minstevassføring. Det blir vist til revisjonssaka.

10.3 Innføring av standardvilkår

Standardvilkår blir innført av NVE ved alle vilkårsrevisjonar. Nedanfor følgjer vår vurdering og kommentar til enkelte punkt i vilkåra, relatert til dei innspela som har kome inn.

Naturforvaltningstiltak (§ 8):

- Utsetting av fisk vil bli utført i samsvar med pålegg gitt av Fylkesmannen/Miljødirektoratet
- Biologiske undersøkingar vil bli utført i samsvar med pålegg gitt av Fylkesmannen/Miljødirektoratet
- Gitter for å redusere tap/rømming av fisk til Kjempåsvatn er installert. Rutine for tilsyn og vedlikehald er etablert.
- Nye kompenserande tiltak for friluftslivet vil bli gjennomført ved at det vil bli støypt ei nedkjøring både til Breilivatn og Holmvatn slik at ein kan kome til med tilhengar og sette ut båt, også ved låg vasstand.
